

1. Rune, Frida, Lise, Jan og Anne står i kø for å kjøpe billetter til fotballkampen.
Rune står etter Lise. Frida er før Rune og rett etter Jan. Jan er før Lise, men han står ikkje først.

Kvar står Anne?

- (A) som nr. 1 (B) som nr. 2 (C) som nr. 3 (D) som nr. 4 (E) som nr. 5

Vis korleis de tenkjer her:

2. Alex, Simon, Robert og Martin møttest på ein konsert i Oslo.

Dei kjem alle frå forskjellige byar: Paris, Dublin, Roma og Berlin.

Du får vite dette:

- Alex og han som var frå Berlin kom til Oslo same dag som konserten. Ingen av dei to hadde vore i Paris eller Roma.
- Robert er ikkje frå Berlin og kom til Oslo samstundes med guten frå Paris.
- Martin og guten frå Paris likte konserten veldig godt.

Kva by kjem Martin frå?

(A) Paris

(B) Roma

(C) Oslo

(D) Berlin

(E) Dublin

Vis korleis de tenkjer her:



3. Fotografen skulle ta eit venebilete av Laura, Ivar, Vidar og Kate.
Fotografen ville både at:

- Laura og Kate skulle stå ved sida av kvarandre
- Ivar skulle stå ved sida av Laura

På kor mange måtar kan fotografen stille opp venene for fotografering?

(A) 3 (B) 4 (C) 5 (D) 6 (E) 7

Vis korleis de tenkjer her:

4. I landet Fantasia finst det 6-, 7- og 8-arma blekksprutar. Dei som har 7 armar lyg alltid, medan dei som har 6 eller 8 armar snakkar alltid sant. Ein dag møttest fire blekksprutar.

Den blå blekkspruten sa: Vi har til saman 28 armar.

Den grønne sa: Vi har til saman 27 armar.

Den gule sa: Vi har 26 armar til saman.

Den raude blekkspruten sa: Vi har 25 armar til saman.


Kva farge har den blekkspruten som snakkar sant?

- (A) Grøn (B) Blå (C) Gul (D) Rød (E) Ingen snakkar sant

Vis korleis de tenkjer her:



5. Marit, Camilla, Sara, Emilie og Kristine sit på ein benk i parken. Marit sit ikkje lengst til høgre og Camilla sit ikkje lengst til venstre. Sara sit ikkje på nokon ende. Kristine sit ikkje ved sida av Sara og Sara sit ikkje ved sida av Camilla. Emilie sit nærmare høgrekanten av benken enn Camilla, men ikkje dermed sagt ved sida av ho.



Kven sit ytst til høgre på benken?

- (A) Vi veit ikkje nok til å avgjere det (B) Camilla (C) Sara (D) Emilie (E) Marit

Vis korleis de tenkjer her:



6. Aron, Bernt og Carl lyg alltid. Dei har kvar sin stein som enten er raud eller grøn.

Aron seier: Min stein har same farge som Bernt sin stein

Bernt seier: Min stein har same farge som Carl sin stein.

Carl seier: Nøyaktig to av oss har ein raud stein.

Kva for ein av desse påstandane er riktig?

- | | | | | |
|-----------------------------------|------------------------------------|--------------------------------|---|--|
| (A) Aron sin stein er grøn | (B) Bernt sin stein er grøn | (C) Carls stein er raud | (D) Arons og Carl sine steinar har forskjellige farger | (E) Ingen av påstandane er riktig |
|-----------------------------------|------------------------------------|--------------------------------|---|--|

Vis korleis de tenkjer her:

